



Tea Gjerdet:



Julestrev og julegleder.

Det er ikkje nokor tid på året vi borni ventar på, som jula. Når det tid til ein fjortendagers tid, før jül, reknar vi til kvar dag, kor lenge det er att.

Til julehelga er det noko til strev både for store og små. Til jül skal alle ha eit eller anna mytt å ha på seg.

Det skal bakast å bryggjast, til jül skal ein ha alt det beste. Kor sit oppe til langt på natta i lang tid før jül, for å få i stand eit eller anna mytt til alle. Og far prøver stödt å spare i sammen nokre kroner, så han kan få kjøpt så mykje som råd er til julehelga.

Ved skal kóyrast heim og hoggast opp, så ein er sikker på å ha over myr.

Om hytta er aldri så simpel, så




skal ho vaskast og grüssast, det beste som
står i menneskemagt.



Det er nok noko til skrev for mor,
for ho skal halde reine og gune klede til
alle, for vi lyst vaska oss frå topp til
tå, for alt lyst vera reint.

Og når julekvelden er komen, skal
veden vera innkomen, og opplada. Fuglane
skal ha kornbandet sitt. Og når kyrke-
klokkene tek til å ringja helga inn,
skal alt arbeid som ein ikkje er heilt
mødd til å gjera, vera innagjort. Det
skal vera fred på jori. Julekvelden er no
det likaste av heile juli, alle som er
borte frå heime, prøver alt dei kan for
å koma heim til mor og far julekvelden.



Det er ^{ikkje} noko vi borni stundar så
på, som at ljosa på juletreet skal verta
kende, og vi får gå i ring kring
juletreet og syngja dei kjære julesongane,
då skålar barneaugo, og eg trur det er
minne for heile livet. Det mest spanande
er, når julegavene skal delast ut, det
skal vera eitkvart til alle. Og når ljosi er
nedtende tek vi julegodter utover korgene,
og så er det ribbe og sylte og alt som
godt er, så vi har det no betre vi,
mot han som juli er til minne om,



for han fekk greide seg med å verta
lagd i ei krubbe i ein stall julekvelden.
Så vi borni kan nok vera takksame mot
mor og far, som strevar alt dei kan
for at jula skal vera verkeleg júl for
oss. Så det er ikkje rart vi borna stunder
på jula. For "júl med din glede, og
barnlige lyst," vi ynsker dei alle vel-
kommen.

